

Repparfjord

Dette er saka:

Selskapet Nussir ASA ynskjer å utvinne kopar frå fjella Nussir og Ulveryggen i Kvalsund kommune i Finnmark. Dei har i denne samanheng søkt om å dumpe 30 millionar tonn avfall i den nasjonale laksefjorden Repparfjord. Massen vil begrave alt liv på havbotnen i deponiområdet i tillegg til at små partiklar, kjemikaliar og tungmetall vi spreie seg og skade livet i fjorden rundt deponiområdet.

Livet i fjorden:

Repparfjorden har stor verdi som opphalds- og vandringsområde for laks, sjøaure og sjørøye, og Repparfjordelva blir rekna som ei av dei viktigaste lakseelvene i landet. På grunn av dette er Repparfjorden valt ut som nasjonal laksefjord for å ta vare på den atlantiske villaksen. Det er observert marine pattedyr som spekkhogger, vågekval og nise i fjorden. Fjorden er også viktig for fuglelivet i regionen, med våtmarksområder som er hekke- og rasteområder for ender, terner, måke- og vadefugl. Fjorden har gode bestander av sild og hyse, og deponiet er planlagt midt i eit viktig gytefelt for den trua kysttorsken.

Tidligere foregikk gytinga omtrent der det blei deponert på 1970-talet. Da måtte gytetorsken flytte seg lenger ut, og dagens gytefelt blir delvis overlappa av det planlagde nye deponiet. Ei kartlegging som Akvaplan-niva gjorde i 2014 tyder på at denne flyttinga har ført til langt dårligare forhold for gytinga enn tidligare, og at torsken ikkje har gjenopptatt gytinga på det gamle gytefeltet, sjølv 35 år etter at utsleppa stansa. Det planlagde deponiet vil enno ein gong jage torsken frå gytefeltet, og det er no snakk om eit utslepp som er mange gongar større.

Tungmetall:

Massen som Nussir ASA har søkt om å dumpe i fjorden inneheld dei miljøfarlege tungmetalla kopar, nikkel og krom. Innhaldet av tungmetall i gruvegangen er så høgt at det vil overskride fastsatte grenseverdiar og være akutt giftig for mange marine organismar. Konsentrasjonen av kopar er langt over grensa for tilstandsklasse «svært dårleg» og vil mellom anna hemme luktesansen til fisk, noko som spesielt vil påverke laksen i den sårbare utvandringsperioden frå elv til hav.

På grunn av dei høge konsentrasjonane av tungmetall som forureinar fjorden vil utsleppet vere i strid med den europeiske vassforskrifta, og Naturvernforbundet vil klage eit utsleppsløyve inn for ESA-domstolen.

Sterk straum og partikkelspreiing:

Repparfjorden er ein grunn fjord med sterke straumar inn langs botnen av fjorden, noko som fører til ein kraftig oppstraum inst i fjorden som igjen vil kunne føre finmalte partiklar opp i overflata og spreie dei langt utover fjorden.

Desse små partiklane skadar mellom anna gjellene på fisk. Nokon av dei aller minste partiklane, sokalla nanopartiklar, har direkte giftverknad på livet i fjorden. Forsking viser at partiklane i nokre tilfelle kan trenge gjennom celleveggar, ha sterkt oksiderande verknad, skade genmateriale, hemme vekst og fotosyntese, føre tungmetall og andre stoff inn i organismar og bli akkumulert opp gjennom næringskjeda.

I Repparfjorden er det påvist maksimalstraumar på 11 - 80 cm/s, noko som i teorien tilsvarer 9 - 70 km/døgn. Det er ikkje urimeleg å anta at nanopartiklar under desse tilhøva kan sveve ekstremt langt, og det er uavklart i kor stor grad flokkuleringskemikaliar vil avgrense spreinga og kva som skjer av oppvirvling frå sedimentet i straumtoppar.

Både Havforskningsinstituttet, Sintef og Det Norske Veritas har påpekt mangelfull straummåling og stilt spørsmålsteikn ved kor pålitelege forsøka og modelleringane som har blitt gjort for å estimere spreieing av massen i Repparfjorden er. Dei meiner partiklar frå deponiet kan spreie seg mykje lenger enn det som kjem fram i konsekvensutgreiinga.

Forfatter:

Jorunn Vallestad
Fagrådgiver, Naturvernforbundet
jv@naturvernforbundet.no